

Kapittel 8

Krig og fred

8.88. Kamuflasjeprogram

Sivil og militær utnytting av atomenergien let seg ikkje skilje. Eit anrikingsanlegg kan også framstille høganrika uran til bomber. Ein reaktor kan framstille store mengder plutonium. I ei "varmecelle" kan det og bli laga bomber. Eit gjenvinningsanlegg feller ut bombestoffet plutonium av avfallsstoffet frå atomkraftverka. Mange statar har under kapp til den sivile atomkrafta utvikla atomvåpen. Jo fleire atomkraftverk som finst, desto større er faren for militært og terroristisk missbruk.

8.89 Formeiringsreaktor

Atomkraftverka av typen "Formeiringsreaktor" er farlegare enn dei vanlege reaktorane og har ein større risiko for ulukker. Bortsett frå det så nyttar dei ikkje uran, men plutonium som brennstoff. Ved stor satsing av denne teknologien ville store mengder plutonium vere i sirkulasjon. Det ville ikkje bli så vanskeleg å få tak i eit par kilo av dette til ei bombe.

8.90 Skitne bomber

Radioaktive stoff frå atomanlegg kan misbrukast til å lage skitne bomber. Ei lita mengde med radioaktivt stoff frå eit eller anna atomanlegg blanda med vanleg sprengstoff er nok til å bygge ei såkalla skiten bombe. Eksplosjonen ville forstøva og fordele det radioaktive stoffet slik at eit område blei radioaktivt forureina.

8.91. Angrepsmål

For å skade og drepe millionvis av menneske og gjere heile regionar umogelege å bu i treng ein ikkje ei eiga atombombe. Det er nok å angripe eit atomkraftverk. Ved eit strengt hemmelegchalde flysimulator-eksperiment, i eit oppdrag frå regjeringa i Tyskland, lukkast det piloten å styrte ein jumbo i eit atomkraftverk ved annankvar prøve.

8.92. Uran-våpen (DU)

Også avfallet ved anriking blir til eit radioaktivt våpen. Mange armear, mellom andre den frå USA, brukar utarma uran mot harde mål. Når dette treff målet blir det delt opp og tek til å brenne og det blir danna små partiklar av uranoksid. Desse er årsak til store skadar på soldatar og sivile i områda der det blir brukt. Militæret viser til den høge gjennomtrengingskrafta til det tyngste metallet på jorda. Atomindustrien tenar på ei billeg avfallshandsaming av eit strålande avfall.

8.93. Krig om uran

Uranførekomstane i afrikanske land har i fleire tiår spelar ei rolle konfliktane der. Jo fleire atomkraftverk som finst, desto større blir avhengigheita av det strålande råstoffet. Lenge har uran vore eit spekulasjonsobjekt. Blir det knapt om uran så er ein krig om uran like realistisk som ein krig om olje.

** Krigen i Mali er knytt til Frankrike sine urangruver i området. I Tschad var det krigshandlingar om gull og uran i 2018. Kjelde: www.ews-schoenau.de*